



Hordaland fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1097 - 17/9133

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

05.05.2017

Søknad om tilskot til opparbeiding av gangveg, Frekhaug

Meland kommune vedtok i 2016 å bygge ny parkeringsplass for reisande med hurtigbåten frå Frekhaug. Det er for få parkeringsplassar på Frekhaug kai, og det er eit aukande problem med parkering langs kommunal veg i området.

Den nye parkeringsplassen for hurtigbåten vil ligge ca. 300 meter frå kaia. Gåande som skal nytte parkeringsplassen når den er ferdig må nå i utgangspunktet bruke Mjåtveitvegen som tilkomst. Gangtrasèen er vist med raudt på kartet under. Langs Mjåtveitvegen er det delvis bygd fortau, men for å følgje fortauet må ein krysse vegen i to punkt i tillegg til at det vil vere ein omveg.

For å leggje betre tilrette for gåande ønskjer Meland kommune å lage ein ny gangveg langs Mjåtveitvegen på same side av vegen som parkeringsplassen. Trasèen er vist med grønt på kartet under. Den nye gangvegen vil gje raskare tilkomst til kaien og gjer at gåande slepp å krysse Mjåtveitvegen. Det er også lagd nokre skisser av gangvegen som ligg som vedlegg.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no


Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



Den nye gangvegen vil vere ein mykje meir trafiksikker løysing. Gangvegen vil også bli tilstreba ei universell utforming så langt det er mogleg. Samtidig vil det vere mest aktuelt for rørslehemma å fortsette å parkere på Frekhaug kai der det er reserverte plasser.

Ettersom kommunen har mykje overskotsstein frå pågåande anleggsarbeid på Frekhaug kan ein lage fundament for den nye gangvegen på ein rimeleg måte. På det brattaste strekket vil ein måtte mure med naturstein (stedleg).

Kommunen har inngått avtale med eigar av 23/318 om kjøp av areal frå eigedommen for bygging av gangvegen. Resterande areal eig kommunen sjølv.

Gangvegen er i samsvar med reguleringsplan for området, og trengs ikkje omsøkast.

Ettersom idèen om den nye gangvegen kom opp etter at budsjettet for parkeringsplassen vart vedteke, har det ikkje vore tatt høgde for kostnadene med opparbeiding av gangvegen i budsjettet til kommunen. Den nye gangvegen er kostnadsrekna til 643 000 kr eks mva, sjå vedlagt kostnadsoverslag.

Basert på kostnadsoverslaget søkjar Meland kommune om tilskot på 650 000 kr eks mva til bygging av ny gangveg mellom ny parkeringsplass og Frekhaug kai. Frå før av har kommunen satt av 2 mill eks mva til parkeringsplassen.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartvedlegg gangveg - skisser
Kostnadsoverslag

Mottakere:

Hordaland fylkeskommune